

## **Visitagudstjeneste i Østenstad kirke 9.mai 2021**

### **Bønesøndag - 6. søndag i påsketida. Preiketekst: Matt 7,7-12**

7 Be, så skal dere få. Let, så skal dere finne. Bank på, så skal det lukkes opp for dere. 8 For den som ber, han får, og den som leter, han finner, og den som banker på, skal det lukkes opp for. Eller hvem av dere vil gi sønnen sin en stein når han ber om brød, 10 eller gi ham en orm når han ber om en fisk? 11 Når selv dere som er onde, vet å gi barna deres gode gaver, hvor mye mer skal ikke da deres Far i himmelen gi gode gaver til dem som ber ham! 12 Alt dere vil at andre skal gjøre mot dere, det skal også dere gjøre mot dem. For dette er loven og profetene.

Kjære menigheit, det har vore veldig fint å være her på visitas denne uka. Eg lært mykje og sit med mange sterke inntrykk av gjestfriheit, åpenheit og ei kyrkje som er ein god nabo og som gjer ein forskjell.

Vi har banka på og det har blitt opna opp for oss, faktisk før vi banka!

– Meir om det i visitasforedraget som vi skal høyre etter gudstenesta.

Takk til eg alle eg og følgjet mitt har fått møte! Takk for engasjement, åpenheit og for tydelegheit!

Evangeliet på denne visitasgudstenesta er eit utdrag av bergpreika. Det sluttar med at Jesus oppfordrar til handling:

«Alt dere vil at andre skal gjøre mot dere, det skal også dere gjøre mot dem. For dette er loven og profetene.»

Jesus seier det slik og desse orda har blitt ståande som den gyldne regelen.

Heile lova og alt det profetane skriv om er altså samanfatta i orda om å gjere mot andre, det dere vil at de skal gjere mot dere.

Men kva er det vi skal gjere? For å gi gode svar på det,

må vi være lydhøyre, å *høyre* etter kva som står på spel. Noko av det, har eg fått vore med denne veka: Høyre kva spørsmål barna og dei unge har på hjartet og kva dei lengtar etter. Det same med oss sjølve, naboane våre, eldre.

Øvinga med den gyldne regelen er at vi må øve oss på - overfor eit kvart medmenneske, ein kvar nabo, til å bruke *medfølelse* og tenke *at dette kan vere meg*, - gjøre mot andre det dere vil at de skal gjøre mot dere. Korleis vise nestekjærleik? Korleis vere ein god nabo? Det har vore spørsmålet vi har stilt oss denne veka. Det er eigentleg det same spørsmålet Det bibelske ordet neste blir jo oversatt med *neighbour*, nær-buar, altså nabo, på engelsk.

Den gylne regelen har ikkje blitt ikkje mindre påtrengande dette året.

Kanskje er behova heilt annleis enn dei vi kjente på før pandemien, kanskje er det berre orda som er forskjellig?

Korleis vere ein god nabo? Ingen kan kome inn i Østenstad menigheit utan å vite at det er eit livsviktig spørsmål. Menigheita og kyrkja her vil vere ein god nabo og eg er imponert over innsatsviljen og engasjementet som blir brukt i dette viktige arbeidet med å lage nettverk som er bærekraftige og som kan bære når det trengst.

Be og arbeid, *ora et labora*, er eit gammalt kristent ord på kva som er viktig.

Og då kan ein tenke seg at det er eit arbeidsdeling, nokre kan be, mens andre kan arbeide. Men poenget i uttrykket er nettopp at, bønn og arbeid, heng uløyseleg saman, dei er to sider av same sak. Med det i bakhovudet kan vi nærme oss resten av evangelieteksten:

Jesus oppfordrar dei som høyrer på om å be, leite og banke på.

Det er eit driv i desse orda, det eine ordet fører fram til det andre og det er ein tydeleg rytme her: «Be, så skal dere få. Let, så skal dere finne. Bank på, så skal det lukkes opp for dere. For den som ber, han får, og den som leter, han finner, og den som banker på, skal det lukkes opp for.» Be, leit og bank på!

I det året som har gått, har vi snakka mykje om opne kyrkjedører, vi har banka på for å opne og høyrte lyden av slik banking. Og når vi har måtte stenge ned, kva då?

Mange av oss ber og har bedt. Ja, dette siste året kor vi ikkje har kunne møtes fleire enn eit par stykke i gongen, er eg viss på bønner er sendt ut, frå alle krikar og krokar over heile jorda. «Gud , grip inn!» «Gud kor er du?»

« Gud, vi ber for alle som kjenner på einsomheit, ja, ei bøn om at vi snart treffes i gjen,»

«Be så skal dere få.» Når nokon fortel at dei ber for meg, erfarer eg at dei viser omsorg for meg. Dei bryr seg. Takk for alle som ber.

Men, for nokre kan nett dette, «Be så skal dere få,» treffe hardt, ja, gå på trua laus: «Eg bad, men ho eg bad for døde likevel.»

**Kva er meininga med bøn? Kva er bøn?** Om vi forstår Gud som ein automat, ein sånn automat si ein kan putte ei bønn i, og så kjem det vi ber om ut som svar, då kan det gå på trua laus.

Eg ber ofte:

«Gud, gi meg sinnsro til å akseptere det eg ikkje kan forandre, mot til å forandre det eg kan og forstand til å innsjå forskjellen.» (Sinnsrobøna)

Bønn er ein samtale: Ein stad kor du og eg kan være heilt oppriktige, utan å bli støytt bort.

Vi song denne salmen som innleiing til preika:

I Guds stillhet får jeg være  
rolig, ordløs, uten krav.  
Klare rom og åpne dager:  
her en strand ved nådens hav.  
Og i Guds godhet vil jeg hvile,  
vet meg ønsket, elsket, sett,  
øver meg i barnlig tillit,  
søker høyt og dypt og bredt. (Norsk salmebok 2013)

Har du erfart eit slikt forhold til Gud?

Vi var fire personar som sat i eit panel her på Bibelkvelden onsdag. Menigheitas bibelgrupper hadde kom med innspel til oss: «Hvordan kan vi harmonere bildet av en kjærlig Gud, slik det beskrives av Jesus i NT, med en streng og nådeløs Gud beskrevet mange steder i GT?»

Vi fikk også fleire spørsmål om **frykt**.

Måten vi ber på, og korleis desse orda frå Jesus som vi i dag høyrer, - be så skal de få - korleis desse ord treff oss,  
har mykje med vår eiga erfarings- og trus - historie å gjere. Nokre treng eit heilt liv for å komme ut av nådelause krav, strengheit og frykt .  
Ei bøn frå svenske Margareta Melin har vore stor hjelp for mange som erfarer den strenge vreide guden sterkare enn kjærleiken. Dei første orda i bøna lyder:

Her er eg som eg er  
Og eg kjennest ved mi virkelighet.  
Utan å forstørre eller forminske,  
u tan å skjønne eller svartmale.(...) (Margareta Melin: *Du som vill at jag ska finnas*, 2002  
Verbum Förlag, side 65)

For mange av oss er det nødvendig å kunne ha rom å gå inn i der vi kan vere oss sjølve, sleppe å late som om vi er flinke, eit opent rom der vi kan rette ryggen og ta imot, der vi kan lære oss å høyre på kva følelsane og kroppen vår har på hjarte. Der vi kan leggje oss sjølve og liva våre i Guds hender.

Å be er å opne opp. Det handlar om å sjå livet sånn det er no, med opne auge,

## **Be, leit, bank på:**

Etter å ha oppfordra oss til å be, leite og banke på, går Jesus rett over til å snakke om kva vi ska gjere. «For ingen far vil vel gi stein til ein sønn som ber om brød, eller ein orm til eit barn som om fisk? Alt dere vil at andre skal gjøre mot dere, det skal også dere gjøre mot dem. For dette er loven og profetene.»

Gjer mot andre, det de vil at de skal gjere mot dere. Kva er det? Det må vi finne ut av saman. Utfordringane kjem frå alle kantar og i den uka som no ligg føre er det tre viktige dagar som alle ber med seg ulike utfordringar.

Torsdag er det Kristi himmelfartsdag, ein dag kyrkja feirar at Jesus ikkje lenger berre er ein stad, men er i himmelen og derfor til stades overalt på jorda.

Same dag tar ramadan slutt og fredagen er id, ein stor gåve-og festdag for alle muslimar.

Korleis kan vi vere gode naboar då?

Og som ikkje det var nok:

På mandag om åtte dagar er det 17.mai, den nasjonale festdagen. Korleis kan vi feire den dagen på ein verdig og god måte dette året? Korleis vise omsorg for russ og for alle som spelar i korps og som går på skole eller i barnehage den dagen, men som ikkje kan gå i tog på vanleg måte.

*Tre dagar: Tre ulike utfordringar for oss alle, det eine dreier seg om fellesskapet i kyrkja, det andre fellesskapet med medmenneske med andre religionar og det tredje handlar om den nasjonale festdagen, då vi prøver å feire og markere eit felles «vi».*

*I alle desse samanhengane treng vi den gyldne regel - og mot og innlevelsessevne og handling.*

Vi skal snart be saman. Kyrkjias forbøn og Fader vår. Då disiplane spør korleis dei skal be, lærer Jesus dei nettopp Fader vår. Bøn opnar opp.

Vi ber også om og for det som enno ikkje er: At Guds rike skal kome, at rettferd skal rå over heile jorda, om fred, om brød for alle sultne.

Til ære for Fader, Son og Heilag ande; skapar, frigjerar og livgivar. Amen

